



**Kjære
lokallagsstyre ved leiar og nestleiar**
(også sendt som e-post til dei vi har adresse til)

Lokallagsbrev September 2011

Vår saksbehandler
Arnar Lyche/Arild Erlien/Atle Frantzen
71 20 28 90

Vår dato
14. september 2011
Deres dato

Vår referanse
Deres referanse

Fristar:

15.sept Melding årsmøtedato
3. okt: Påmelding Eigarskifte
3.-21. okt: Lokallagsårsmøter
25. oktober: Påmelding Leiarmøtet
20. nov: Rapportskjema og midlar

Vel møtt til nytt arbeidsår i Bondelaget!

Bonden og landbruksnæringa har ikkje vore topp-fokus i valkampen. På M&R Bondelag sitt seminar om næringsutviklinga under Dyregod-dagane i Gjemnes hadde vi fokus på at politikarane også omtalar landbruket på lik line som andre næringar. Møbel, skipsbygging og oppdrett får mykje positiv merksemd frå politikarane, men kva med landbruket? vart dei to fylkesordførarkandidatane, Jon Aasen (Ap) og Helge Orten (H), utfordra på under seminaret, og også av Bergljot Hjorthol frå NRK iden direktesendte radiovaldebatten om ettermiddagen, og i TV-innslaget i NRK Møre og Romsdal med politikarane og fylkesleiar Inge Martin Karstvik seinare på kvelden. Både Orten og Aasen gjentok fleire gonger denne dagen at landbruket kan ha kome i skuggen av olje og gass, og at det var behov for å løfte fram næringa. Omtale av møtet med fylkesordførarkandidatane finn du her:

<http://www.bondelaget.no/moere-og-romsdal/fylkesordfoererkandidater-moette-landbruksnaeringa-article62847-180.html>

Vi møter ei positiv haldning til bonden, landbruksnæringa og norsk mat overalt. Det viser også Questback-undersøkinga som Landbrukets Utredningskontor gjennomførte for Bondelaget i sommar blant listetoppene i de politiske partia ved kommune- og fylkestingsvalet. Svarprosenten i Møre og Romsdal var 59 prosent - totalt 131 respondentar. Omtale av resultatane frå undersøkinga ligg på M&R Bondelag si heimeside her:

<http://www.bondelaget.no/moere-og-romsdal/listetoppene-tror-paa-vekst-i-landbruket-article62964-180.html>

M&R Bondelag sendte i juli skriv om landbruket i fylket med argument, standpunkt og fakta om næringa, og kommunebrosjyra, til alle 243 førstekandidatane på alle partilister i 36 kommunar, samt til dei 84 fremste kandidatane i partia som stilte liste ved fylkestingsvalet. Dette var vedlagt i lokallagsbrev i juli. Som ei oppfølging av arbeidet vårt i valkampen, vil vi **oppmode lokallaga i Bondelaget om å ta kontakt og bruke dei nye ordførarane og partigruppene i kommunane**. Svært mange bønder står sentralt i politikken på alle plan i kommunane. Vårt budskap er at kommunar som er aktive på landbruk får resultat.

Fylkeslaget vil, i tillegg til dei saker Norges Bondelag har prioritert, også i år arbeide særleg med å følgje opp vårt årsmøtevedtak der vi har fått midlar frå fylkeskommunen når det gjeld:

Rekruttering: Fokus på vilkåra for å drive næring gjennom fokus på nye unge.

Likestilling: Få fleire kvinner til å drive gard og ta tillitsverv.

Kompetanse: Ein ny generasjon bønder med landbruksfagleg opplæring ved m.a. å ta landbruksskule. Som ledd i opplæring og rekruttering av tillitsvalde inviterer vi igjen alle i lokallagsstyret til Leiarmøtet i november.

Open Gard 2011: Tusen takk til lokallaga som igjen har arrangert. Totalt over 3.000 besøkande.

Skjåstaddalen (300), (Smøla (300), Tingvoll (450), Todalen (270), Austefjorden (250) og Sykkylven (1500 besøkande – i lag med Til Topps-arrangement). Det har vore brei mediedekning.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Mob	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandveien 63. Molde	71 20 28 90	41 41 88 71	More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Vår dato
2011-09-14

Vår referanse

Lokallagsårsmøta i tida 3.-21. oktober

- melding om årsmøtedato innan 15. september

Vedlegg: Skjema melding om val og Rapport lokallagsarbeid og aktivitetsmidlar

I juni vart det sendt ut framlegg til datoar for årsmøta i lokallaga i perioden 3. – 21. oktober.

I nye vedtekter til Noregs Bondelag er fristen for å halde årsmøtet i lokale bondelag framskunda til innan 1. november kvart år. Årsmøtet blir kalla inn av styret.

Når lokallag held årsmøte for seint, får det følgjer for andre aktivitetar. Fylkeslaget oppmodar difor om å halde årsmøtet så tidleg som mogleg, og i så god tid at evt ny leiar og styremedlemer får høve til å delta på det utvida Leiarmøtet 4.–5. nov.

Ved handsaming av arbeids- og tiltaksplan for 2011-2012, konkluderte fylkesårsmøtet i mars med eit overveldande fleirtal at fylkeslaget set opp plan for årsmøta i lokallaga i oktober. Fleire fylkeslag og andre organisasjonar som Allskog og Tine har sett opp dato for årsmøta lokalt.

Fylkeslaget satte frist til 15. september for lokallaga til å fastsetje endeleg dato, og melde frå til fylkeskontoret om tid og stad for årsmøtet, og om kven ein eventuelt ønskjer besøk av:

more.romsdal@bondelaget.no eller tlf. 71202890

Vi har fått melding frå fleire lag om endeleg dato for årsmøtet, men saknar også frå mange lag.

Styret har også i år sett opp ei ”fadder-ordning” for lokallaga.

Styremedlemmer og tilsette har ansvar for 5 lokallag kvar m.o.t. å ha kontakt med lokallaget om årsmøtet, og eventuelt delta på årsmøtet om laget ønskjer det. Men dette er ikkje til hinder for at lokallaget kan ha andre innleiar.

Nokre lag synest det er dårlig oppmøte på årsmøtet. Fleire lag kan slå seg saman om å halde fagmøte/årsmøte. Fleire av lokallaga som er i same kommune eller er i nærleiken av kvarandre, er difor sett opp same dag.

Fylkesstyret har også vedteke at lag som ikkje har hatt årsmøte på fleire år skal slå seg saman med nabolaga, slik at medlemene får dei tilbod dei har krav på gjennom lokallaget. Lag som ikkje vil slå seg saman må halde årsmøte og stille eit styre.

Fylkeslaget eller Norges Bondelag står til rådvelde for å delta på årsmøte eller andre møter og helst når det er spesielle tema ein vil ta opp.

Liste over idear til tema og innleiarar på årsmøte/temamøte i laga ligg ved.

Også liste over tema frå Gjensidige ligg ved.

Valnemnda i laget bør prøve å få minst ein tredel kvinner. Valnemnda skal også kome med framlegg til evt godtgjersle til tillitsvalde i laget.

Vedlagt orientering om oppgavepliktig godtgjersle for tillitsvalde i lokallaget og skjema som skal nyttast og sendast til Norges Bondelag sentralt.

Vedlagt døme på innkalling til årsmøte og meldingsskjema om val i lokallaget 2011.

Ved høve har vi behov for å vere raskt ute med informasjon og då tenkjer vi særleg ved bruk av e-post og SMS. **Fyll difor ut e-post adresse og mobilnummer til alle i lokallagsstyret.**

Skifte av e-post adresse må også varslast, da vi frå tid til annan får feilmelding.

Vedlagt også **adresseetikettar og medlemsliste** over alle medlemmene i lokallaget pr.12. sept. 2011 (**etikettar kun til leiar**). Etikettane kan brukast til innkalling til årsmøtet. Ta kontakt med fylkeskontoret når laget ønskjer fleire etikettar utover vinteren for andre skriv til medlemmene.

Vi legg også ved lister til dei lag som har innmeldte og utmeldte i lokallaget i 2011.

Minnar om at bokstavane på medlemslista betyr:

P1=Personleg medlem, P2= Bruksmedlem, P3=Husstandsmedlem

Vår dato
2011-09-14

Vår referanse

Innkalling til leiarmøtet og kurs for styra i lokallaga fredag 4. og laurdag 5. november på Rica Seilet Hotell, Molde - MERK dato og hotell

Vedlagt innkalling og påmeldingsskjema. Påmeldingsfrist 25. oktober..

Også til årets Leiarmøtet **inviterer vi heile styret i lokallaget!** Lokale tillitsvalde kan **melde seg på ein eller to dagar**. Fredag blir det i alle høve to kurs, m.a. for nye tillitsvalde og om landbrukspolitikkk. Laurdag blir det meir vanlege næringspolitiske og faglege saker felles for alle.

Fylkesårsmøte i M&R Bondelag fredag 9. og laurdag 10. mars 2012

MERK av datoen. Blir halde på **Rica Seilet Hotell** i Molde. I forkant av årsmøtet vert det fredag Landbrukskonferansen i lag Fylkesmannen og Landbruk Nordvest.

Arbeidsplan for lokallaga 2011-2012

Forutan arbeidsplan for Norges Bondelag (Info om dette har gått ut i NB-informasjon og lokalsending frå Norges Bondelag), har vi også fylkeslaget si arbeidsplan vedteke av fylkesårsmøtet i mars 2011 å halde oss til. Vi oppmodar lokallaga om å ha ein arbeidsplan, helst vedteke av årsmøtet.

Vi vil likevel peike på fem arbeidsområde alle lag bør gjennomføre kvart år :

1. **Eitt fagleg eller sosialt tilbod til medlemene** (som fagmøte, utferd, bondekafé)
2. **Studieringar eller kurs:** (inkl. uttale jordbruksforhandlingane minst kvart andre år)
3. **Utadretta informasjon** (som Open Gard, Bygdedagar, kontakt politikarar el. media)
4. **Lokale saker for medlemene i kommunen** (synleg i lokalsamfunnet og på saker som arealplanar, forvaltning av SMIL-midlar, samarbeid med andre organisasjonar, representasjon)
5. **Opplegg for medlemstilslutning** (som sjå til at nye i næringa og grunneigarar er invitert)

Medlemsverving: 88 nye medlemmer sidan nyttår!

Vedlagt: -Medlemsoversikt pr. 12. september 2011
-Søkarar på produksjonstilskot

Norges Bondelag prioriterer arbeidet med verving og medlemskontakt m.a. med premiering til laget på kr 200 pr nytt medlem. Vi har stort medlemspotensiale - berre i overkant av 50 prosent av alle bønder i M&R er medlemmer i Bondelaget. Lokallag og einskildpersonar som har gått inn for oppgåva, har vist at det er lett å verve nye medlemmer. Det enklaste er å spørje folk om dei vil bli med i Bondelaget.

Vedlagt til intern bruk Statens landbruksforvaltning (SLF) si tilskotsliste for jordbruket pr 22. juni 2011 i eigen kommune. Dette er offentleg liste henta frå SLF og presentert m.a. på www.nationen.no og i andre aviser, og viser namn på brukarar som søker om produksjonstilskot i kommunen. Ved å samanhalde denne opp mot vedlagte medlemsliste i Bondelaget kan det vere tips på personar som bør spørjast om medlemskap i Bondelaget. Bruk listene for planmessig vervearbeid utover hausten. Det er også eit godt argument at Bondelaget forhandlar fram betydelege resultat for bøndene.

I lokallagsstyret er det kasserar som har ansvaret for medlemslister om ikkje anna er bestemt. Vi ber heile styret gå gjennom medlemslistene. Medlemsverving bør vere tema på alle styremøte.

Studiearbeid foran jordbruksforhandlingane 2012

Frå november-desember vil det bli tilbod om gjennomføring av studieringar og møter på tema knytt til Framfor jordbruksforhandlingane.

Vår dato
2011-09-14

Vår referanse

Temadag om eigarskifte laurdag 15. oktober kl 10.00 – 17.00 i Molde

Vedlegg. Samlinga vert gjennomført i møterom i 3.etg. hos Nordmøre og Romsdal Felleskjøp, Fanestrandsv. 63 i Molde. Advokat Ole Houlder Rødstøl står for det faglege innhaldet.

Kurset er gratis for medlemar i Norges Bondelag. Deltakaravgift kr 400,- for andre.

Påmelding innan måndag 3. oktober til Møre og Romsdal Bondelag, tlf 71 20 28 90 eller more.romsdal@bondelaget.no.

Vi ber lokale Bondelag marknadsføre og gjere temadagen kjent overfor aktuelle deltakarar.

Oppgavepliktig godtgjersle for tillitsvalde i lokallaget

Vedlagt skjema som skal nyttast og sendast til Norges Bondelag sentralt, gjerne : fakturamottak@bondelaget.no ein gong årleg dersom årsmøtet har vedteke meldingspliktig godtgjersler som samla blir over kr 4.000 årleg pr person. Skjemaet skal vere heilt utfyllt og skreve under, og attestert av ein annan i styret. Norges Bondelag betaler da ut, og står for skattetrekk og lønsmelding. Beløpet blir trekt i lokallaget sin årlege overføring.

Vi tilrår at årsmøtet i lokallaget vedtek møtegodtgjersle for deltaking på årsmøtet og leiarmøtet i fylkeslaget med Norges Bondelag sine satsar på kr 1.500 pr dag. (Fylkeslaget dekkjer opphald og reise.)

For å spare arbeid tilrår vi at laga så langt muleg held seg under kr 4.000. Det kan vere ved å dekkje etter rekning for kostnader, kontorutgifter inntil kr 1.500, og betale evt avløysarutgifter etter rekning i staden for møtegodtgjering.

Kurskalender for Møre og Romsdal

Kurskalender for kurs og samlingar er lagt ut på heimesidene til Møre og Romsdal Bondelag,

<http://www.bondelaget.no/moreogromsdal>

Oppdatering skjer jevnleg gjennom at fylkeslaget hentar informasjon frå organisasjonane sine heimesider.

Kurskalenderen vil bli utvikla vidare både når det gjeld innhald og distribusjon.

Pr. 14.09.2011

KURS/TEMA	DATO	STAD	PRIS	PÅMELDING	ARRANGØR
TEMADAG – EIGARSKIFTE	15.10.	Molde		Tlf 71 20 28 90	Møre og Romsdal Bondelag
AVLØYSARKURS – 5 dagar For nye avløysarar Tema: Mjølkeproduksjon	Høst 2011	Sunndal/ Tingvoll		nordvest@n-lt.no 464 24 400	Landbruk Nordvest
AVLØYSARKURS – 5 dagar For nye avløysarar Tema: Mjølkeproduksjon	Høst 2011	Rauma		nordvest@n-lt.no 464 24 400	Landbruk Nordvest
AVLØYSARKURS – 5 dagar For nye avløysarar Tema: Mjølkeproduksjon	Høst 2011	Ørsta		nordvest@n-lt.no 464 24 400	Landbruk Nordvest
MASKINFØRARKURS	27.-30.10.	Ørsta		sunnmøre@lr.no 70 16 61 53, innan 12.10.	Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre
MASKINFØRARKURS 1 eller 2 kurs	20.- 23.10. 27.- 30.10.	Skarstua, Molde		Gerd.gunnerod@lr.no 909 98 479	Landbruk Nordvest
NUG – NÆRINGSUTVIKLING PÅ GARDSBRUK	Nov – mars	Ålesund		sunnmøre@lr.no 70 16 61 53	Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre

Med vennleg helsing

Inge Martin Karlsvik (leiar) Birgit Oline Kjerstad (nestleiar)

Anne Katrine Jensen Hans Fraffjord Arne Rekkedal Erik Olufsen(1. vara)

Anne Turid Myrbostad (sekr) Atle Frantzen (org kons)

Arild Erlien (org kons) Arnar Lyche (org sjef)